

Innspel frå UiB til kvalitetsutviklingsutvalet

Mål

Verktøy, prøvar og datakjelder skal bidra til refleksjon, læring og utvikling på den enkelte skule slik at skolar, skuleeigarar og nasjonale utdanningsmyndigheiter kan ta informerte val.

Kva informasjonsbehov ser de at lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar har for å vurdere tilstanden og utvikle kvaliteten i skulen?

Det er svært viktig med et godt og kvalitetssikra datagrunnlag som støttar utviklinga og det systemiske arbeidet i skulen.

- Skuleeigarar treng kunnskap om bruk av data i utviklingsarbeid.
- Skuleleiarar treng kunnskap om bruk av data i utviklingsarbeid, og dette får dei i varierende grad av skuleeigar.
- Lærarar treng hjelp og støtte i vurderingsarbeidet sitt. Dei etterspør prøvar som kan støtte dei i dette arbeidet. Dei ønskjer å kunne sjå og måle utvikling hos elevane,. I tillegg vil dei gjerne finne ut kva elevar som treng ekstra støtte.

Korleis vurderer de at eksisterande prøvar, brukarundersøkingar, verktøy og datakjelder støttar desse behova?

- Dei nasjonale prøvane kan vere eit godt utgangspunkt for eit systematisk kompetansehevande arbeid i skulen fordi det ligg mykje informasjon i det nyanserte prøveresultatet som partane har tilgang på . Det varierer svært mykje i kva grad og korleis dette blir gjort rundt i landet. Nokre kommunar/skolar har etter kvart gode rutinar for dette, andre stader manglar det fullstendig. Vi trur at skuleeigar og evt. skuleleiar må drive eit slikt arbeid.
- Nasjonale prøvar kan i større grad enn no støtta elevane si læring om kvalitetssikra støtteressursar blir vidareutvikla (og nye ressursar blir utvikla). For at dette skal skje, må mange partar på banen: utdanningsmyndigheiter, Udir, prøveutviklarar osv.
- Det er viktig finne dei elevane som er i ferd med å falle av (alt har falle av) lasset. Difor er det synd at kartleggingsprøvar og resultatet av desse i stor grad har blitt misforstått. Kartleggingsprøvene rettar seg mot den delen av elevgruppa som treng hjelp og støtte for å henge med. Dei gir informasjon om dei som er i grenselandet mellom å klare seg nokolunde og ikkje klare seg. Desse prøvane gir ikkje viktig informasjon om elevane som klarar seg. Slike prøvar blir som oftast brukt på heile populasjonen, og det blir feil.
- Vårt inntrykk: Stort behov for gode/kvalitetssikra læringsstøttande prøvar, i alle fall i lesing, rekning og engelsk.

Kva vurderer de som viktige styrkar, utfordringar og dilemma med kvalitetsvurderingssystemet slik det er i dag?

- Det har en verdi at alle elevar gjer noko som er felles, slik at vi har resultat på nasjonalt nivå som seier noko om kvaliteten i skulen. Det er viktig at slike prøvar er kvalitetssikra slik dei nasjonale prøvane er.
- Prøvane/oppgåvene er kvalitetssikra, dvs. dei er prøvd ut på førehand på fleire tusen elevar, berre dei beste oppgåvene går i endeleg prøve. Når prøvane blir administrert, veit vi at dei fungerer.
- Det ligg mykje info om elevkompetanse i resultatata både av nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar (og tidlegare læringsstøttande prøvar).
- Utfordrande å forstå konseptet med kartleggingsprøver som berre skal finne dei elevane som treng ekstra hjelp og støtte, men som eigentleg ikkje måler det dei andre elevane kan/ikkje kan. Difor treng vi læringsstøttande prøvar som måler alle elevane si læring, på alle nivå, som kan arbeidet i støtte skulen
- Ei utfordring å kommunisere på en god måte at prøvane kan vere med å støtte læringa til elevane og vurderingsarbeidet til lærarane.
- Alle nivå i norsk skule treng vurderingskompetanse (inkludert kompetanse i å tolke og arbeide vidare med prøveresultat).
- Vurderingskompetanse bør i større grad få fokus i lærarutdanninga.
- Det bør leggjast vekt på eit meir systematisk samarbeid mellom skulesektoren og UH-sektoren når det gjeld forskning på elevsvar og vurdering.